



Jf. liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Egil Hauge, 5557 2350

Statsforvaltaren i Vestland avviklar forsøksordninga knytt til høyring av dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova § 19-1

Statsforvaltaren i Vestland vil rette seg etter rettsoppfatninga som kjem til uttrykk i fråsegna frå Sivilombodet dagsett 18.03. 2024. Det betyr at vi går tilbake til slik ordninga var tidlegare, det vil seie at kommunane no skal sende på høyring til Statsforvaltaren søknader om dispensasjonar som kommunen etter ei førebels vurdering meiner oppfyller lovvilkårå for å få dispensasjon og fell inn under plan- og bygningslova § 19-1 og våre myndigheitsområde. Statsforvaltaren vil som før vurdere konkret kva enkeltsaker det er naudsynt for oss å gje ei fagleg fråsegn til.

Samstundes minner vi om at kommunane må sjå til at sakene vi får til uttale alltid er tilstrekkeleg opplyste. Dette betyr mellom anna at det må liggje føre søknad med tilstrekkeleg grunngjeving og at oversendinga inneheld dei opplysningane som trengst for at vi skal kunne vurdere verknadane i høve til vårt embetsoppdrag. Vi ber òg om at kommunen si førebelse vurdering av om lovvilkårå for å kunne dispensere frå plan eller lov er oppfylte, alltid inngår i oversendinga. Vi minner også om at lovvilkårå ikkje skal vurderast ut frå eit kommunalt skjøn.

Bakgrunn

Sivilombodet har konkludert med at plan- og bygningslova § 19-1 siste setning inneber at kommunane har rettsleg plikt til å sende søknader som fell inn under verkeområdet for føresegna på høyring til statlege og regionale styresmakter, før dispensasjonar eventuelt blir innvilga.

Plikta som kommunane har til å sende saker på høyring, omfattar då dispensasjonssøknader som gjeld planar, plankrav og forbodet i plan- og bygningslova § 1-8, så fram det saklege verkeområdet for høyringsorganet vert direkte råka.

Sivilombodet legg til grunn at Statsforvaltaren har ei plikt til å gå gjennom sakene vi mottok på høyring, og vurdere konkret om det er behov for å gje ei fråsegn i enkeltsaker. Sivilombodet meiner òg at det kan tenkjast enkelte situasjonar der Statsforvaltaren kan ha rettsleg plikt til å gje ei fråsegn,



men at det ikkje kan utleiast noko generell eller absolutt plikt til å gje fråsegn i alle saker etter plan- og bygningslova § 19-1 siste setning.

Etter dette vil rutinen for høyring i dispensasjonssaker vere slik:

- Før kommunen kan innvilge dispensasjon må, søknaden bli send på høyring til Statsforvaltaren jf. det som går fram ovanfor, om vurdering av om Statsforvaltaren - ut frå vårt sektoransvar - er direkte råka. I så fall må sakene bli send på høyring til Statsforvaltaren.
- Vi vil uttale oss om tiltaka sine verknader i saker der vi vurderer at vi har ei medverknadsplikt som følgje av at nasjonale og/ eller vesentlege regionale vert råka av eit positivt vedtak, og der vi vurderer at vår fråsegn kan bidra til å opplyse grunnlaget eller regelverket betre. Statsforvaltaren har medverknadsansvar for følgjande tema, jamfør rundskriv H-2/14 (forkortingar for departementa i parentes): Forureining (òg støy), lokal luftkvalitet og klima, vassmiljøkvalitet, naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone, samordna areal- og transportplanlegging, handelsverksemd, tilstrekkeleg bustadbygging (KLD/KDD), folkehelse, m.a. miljøretta helsevern (HOD), barn og unge sine interesser i planlegginga (BFD/KD), universell utforming (KUD), samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (JD) jord- og skogbruk, m.a. kulturlandskap (LMD), og forvaltning av gravplassar i arealplan.
- I saker der vi vurderer at kommunane ev. har lagt ei feil lov og/ eller planforståing til grunn i førehandsvurderinga, vil vi påpeike dette dersom feilen medfører at interessene på våre ansvarsområde kan verte råka.
- Vi vil òg, som før, gje uttale og tilråding i saker der kommunane særskilt ber om dette for å sikre at sakene skal verte tilstrekkeleg opplyste før vedtak.
- Alle positive vedtak om dispensasjon som har verknader for våre ansvarsområde må sendast til oss for klagevurdering.
- I saker der vilkåra for dispensasjon ikkje er oppfylte skal kommunane som hovudregel sjølv avslå søknadane utan at dei blir sende til Statsforvaltaren på høyring. Vi kan gjerne medverke gjennom dialog med kommunen til å klårgjere meir detaljert kva saker som ikkje fell inn under våre ansvarsområde og som kommunen dermed ikkje treng å sende oss til uttale.

Kommunane sitt ansvar

Det ligg som kjent eit sjølvstendig ansvar til kommunen som planstyresmakt for å sjå til at sakene vert tilstrekkeleg opplyste før vedtak. Dette betyr mellom anna at det må gjerast ei konkret vurdering av om vilkåra for å kunne innvilge dispensere er oppfylte og at det ikkje skjer fråvik frå sakshandsamingsreglar, som ein etter lova ikkje kan dispensere i frå.

Kommunane må i ei konkret vurdering gjere greie for av kva verknader ein eventuell dispensasjon kan få.

Sakene som blir sende inn skal vere godt opplyste om kva sakene gjeld (grunngeving, kart, teikningar m.m.).

Det må ligg ved ei tilstrekkeleg utfyllande førehandsvurdering av om omsyna som ligg bak føresegner i lova og/ eller den avklarte areal-disponeringa i planen, blir sett til side av eit positivt vedtak.



Det skal ligge ved ei konkret vurdering av kvifor kommunen meiner fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Avsluttande merknad

Statsforvaltaren meiner generelt at talet på dispensasjonar er for høgt i fylket. Det bør difor vere eit felles mål å få ned dette talet og å sikre ei planstyrt arealforvaltning, meir i tråd med føringane i plan og bygningslova og praksisen i landet elles.

Bakgrunnen for forsøksordninga som Statsforvaltaren innførde var at vi i større grad ønska å styrke samarbeidet med kommunane om den overordna planlegginga og å styre ressursbruken i den retninga. Handsaming av dispensasjonssaker er i dag svært ressurskrevjande, både for kommunane og andre styresmakter.

Eit høgt tal dispensasjonar frå bindande planar skapar dessutan særskilte utfordringar knytt til både rettstryggleik og berekraft og set til side det systemet for offentlegheit og medverknad som gode planprosessar sikrar.

Samstundes er det unnataksvis viktig at kommunane kan dispensere når særskilte omsyn gjer det naudsynt, og vilkåra er oppfylte. Statsforvaltaren i Vestland vil likevel rå til at kommunane vurderer praksisen nøye og eventuelt endrar denne til fordel for ei meir planstyrt og føreseieleg arealforvaltning. Dersom det er ønskje om det, deltek vi gjerne i møte om kva som ligg i lovvilkåra og korleis dispensasjonsreglane bør nyttast.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Egil Hauge
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Sivilombudet

Kommunal- og distriktsdepartementet

Postboks 7900

Postboks 3 Sentrum

Postboks 8112 Dep

5020

0101

0032

BERGEN

OSLO

OSLO



Mottakerliste:



Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE



Gloppen kommune
Gulen kommune
Hyllestad kommune

Grandavegen 9
Eivindvikvegen 1119
Kommunehuset

6823 SANDANE
5966 EIVINDVIK
6957 HYLLESTAD